

## Strålende jenter til finalen!

02.08.2018



Uskedalsjenter på veg mot finale i Norway Cup

I ein fantastisk semifinaler no i ettermiddag har J14-laget til Uskedal IL vunne 2-0 over Bergsøy. Det var imponerende innsats over heile linja og ein velfortent siger. Strålende!! Gratulerer!! Det var utruleg spennande å følgja kampen på kvinnheringen.no, og underteikna hoppa fleire ganger i sofaen i løpet av dei 2 omgangane.



Framme f.v.: Selma Ovidia, Ruth Maria, Åsne og Anna Elisabeth. Bak f.v.: Emma M.R., Saima, Emma M. S., Helene og Celine.

Uskedalsjentene gjekk offensivt til verks frå start, og alt etter fire og eit halvt minutt fekk dei hol på byllen. Emma Myklebust Ripel fekk eit perfekt gjennomspel, og ho let seg ikkje be to ganger. Ho knalla til, og ballen fauk inn nær vinkelen. Nydeleg førespel og minst like flott mål!!!

Utover i omgangen fortsette dei å jobba knallhardt, og det var nødvendig. Det var nemleg eit godt lag dei møtte. Det var sjansar begge vegar, men UIL hadde fleirtalet. Dermed vart pauseresultatet 1-0 heilt fortent.

I 2.omgang bølga spelet fram og tilbake med sjansar framfor begge mål. Utover i omgangen tilreiv UIL seg initiativet, men dei gode Bergsøy-spelarane var jamnleg på farlege visitor. Men det var ikkje enkelt å vera Bergsøyspelarar, for når dei fekk ballen var uskedalsjentene på dei som kleggar. Dei fekk aldri ro og fred! Det var tydeleg uskedalsjentene hadde bygt sjølvtilitt gjennom gode kampar tidlegare i turneringa. Det vart vanvittig spennande utover mot slutten, og pulsen steig faretruande høgt i denne kroppen.



Eit av Uskedal sine mange angrep.

Endeleg, då det gjenstod 2 minutt av kampen, kom det andre målet. Etter corner var det litt fram og tilbake før Selma Ovidia Guddal Tarberg fekk ballen. Ho stussa ikkje! Ho smelte til og den for i ein nydeleg boge mot kryssen. Eit nytt klassemål og 2-0. Dermed var finaleplassen klar. Herleg!!

Gratulerer så mykje til jentene og trenarane Roar Musland og Gørill S. Eik. Eg er veldig imponert over laginnsatsen. For ein løpskapasitet, og for eit samarbeid. Dei jobba verkeleg for laget alle saman!!! Det var eit godt lag dei møtte. Hadde dei fått meir fred og litt betre tid, hadde dei vore svært vanskelege å slå.

I morgon er det altså klart for ny kamp. **FINALE.** No er det berre å prøva å nullstilla. Men stolte kan dei i alle fall vera. Finalen går kl.13.30 i morgon, fredag. Jentene som har spelt UIL fram til den historiske finalen er Helene Myklebust, Anna Elisabeth Samland Eik, Emma Måkestad Smith, Saima Kristine Lomheim Døssland, Celine Musland, Selma Ovidia Guddal Tarberg, Åsne Hjelmeland Arnesen, Emma Myklebust Ripel og Ruth Maria Myklebust.

Det er no klart at Skodje IL vert finalemotstandar, og kampen vert vist på kvinnheringen.no. Eg anbefalar den!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Espen Eik